



Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve er med rette stolte av SPAR-resultatet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**SPAR-butikken i Uskedalen passerte i 2009 ein brutto-omsetnad på 30 millionar etter ein auke på 1 million frå året før. Det opplysar dagleg leiar Bente Nilsen, som rimelegvis er svært godt nøgd med året som gjekk.**

-Det har vore eit konkurransemessig tøft år med eit hardt press på prisane. Det løpet matte også vi vera med på, seier Bente.

Netto-omsetnaden var 26 millionar, også det 1 million over 2008.

-Men kva så med den mykje omtala finanskrisa?

-Den har ført til eit svært hardt prispress som har prega heile bransjen. Men vi har kome gjennom utan store problem. SPAR har klart seg aller best på landsbasis i denne situasjonen og her hos oss har staben gjort ein ny, imponerande innsats. At vii fjor vart "best på alt" på landsbasis etter å ha gått til topps på service året før er ikkje mindre enn fantastisk.

Ein topp-plassering som denne er svært inspirerende for oss og dei som jobbar her og vi er med rette stolte av dei.

Bente Nilsen understrekar også at eit godt resultat for SPAR i stor grad avheng av at alt i lokalsamfunnet Uskedalen fungerer godt og her trekk ho fram Eidsvik som eit døme.

-Når dei har full ordrebok merkar vi det i høg grad på omsetnaden og 2009 var eit godt år for skipsbyggeriet. Dei har hatt mange i arbeid og det slår gunstig ut også for oss. Det var såleis 3.000 fleire kundar innom butikken i fjor enn året før og denne auken kom i andre halvåret då Eidsvik auka staben kraftig.

- Kor mange kundar er innom SPAR i året?

- I 2009 stoppa vi på 144.000 som gjekk gjennom kassene våre.

- Og korleis ser SPAR på det nye året?

-Vi har mange planar utan at eg kan avsløra dei her og no. Vi får koma attende til dei når dei vert meir handfaste, seier Bente Nilsen.

Av Ola Matti Mathisen